

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: øre og Romsdal
Tilleggsspørsmål nr. Stordal

Herad: Stordal

Emne: Joletre og Jolehalm

Bygdelag:

Oppskr. av: Peter Stavdal.

Gard: Stavdal

(adresse): Stordal

G.nr. 88 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Joletre er svært almindeleg i kvar heim
 Men det er ikkje av gamall dato. Lærar og kyrkjesongar
 P. Hove kom heim frå Trosø Lærarskuleca 1875 og fekk
 skulepost i Vinje skule i Stordal.. Han var det som fekk
 til den første joletrefest. Han fortalte meg sjølv
 eingong at Nils-Karl på Hove vart so begeistra for
 joletre at han fekk til eil lita insamling på festen,
 til lærar P Hove, for hans utlegg til pynt på jole-
 tre.

Rundt 1900 talet var det joletrefest i kvar
 skulekrins og i det Frisinna Ungdomslag. Undomslaget
 heldt festen nyttarsdag. I Stavå-skule 3dje dag i jol.
 Seinare kom "sundagsskulen" Og bedehuset med sin.
 Ca. 1915 kan ein først seia at det vart ålment med
 joletre i heimarne,

I den Første tid var det alltid fure som var
 bruk til joleter Frå 1930 er det mest gran. Størrelsen
 varierer frå ein 2½ meter i heimarne til ca. 4 meter i
 dei større fosamlingshus.

Jola i heimarne var først og fremst maten og
 so øltsin høgsesong. Småhakka eine på golvet og blank-
 pussa messingstaka med heimesøypte talgljos i

sette prikken åver ien..

Juletreet vert pynta med glaskule og ljós. Og det er vel hest husmora som pynta juletreet. Men so ungt av alder som juletre er i heimane, er det vel ikkje rett å seia noko visst om det.

Trur det er slik at når ein hev ete kteikja om jolekvelden vert juletre set fram på golvet.-- Bordet sett burt i ei krå -- Sø tek alle i huskyden kvar sittne andre i henderne og syng jolesalmar.-- I all fall hev det vore slik i min heim.

Det var skjikk før at alle skulde liggja inn i stova der det var fjølt i jolehelga. Joleaftan når dei s dei skulde leggja seg , bar dei halm inn i stova til underlag, og so sengklede der op på .-- Halm var underlag til alle senger før i tia. Eg hugsar at det var laga slik "flatseng" i 1903

512